

Stortingets ansvarskommisjon
v/ professor Erling Johannes Husabø
Det juridiske fakultet
Magnus Lagabøtes plass 1
5010 Bergen

JUSTISDEPARTEMENTET	
15 OKT 2009	
SAKSNR.:	200903139
AVD/KONT/ØEH:	LOV / ED / KG
DDK.NR. 13	ARKIVKODE:

Bergen 12. oktober 2009

Justisdepartementet,
Lovavdelinga

NOU 2009:9 Lov om offentlige undersøkelseskommissjoner

Stortingets ansvarskommisjon har fått tilsendt NOU 2009:9 på høyring. Kommisjonen vart oppnemnd av Stortinget i juni 2007. Oppgåva vår er, i tilfelle der Stortinget ber om det, å undersøka om det er grunnlag for å ta ut tiltale for Riksrett, jf lov av 5. februar 1932 om rettergangsmåten i riksrettssaker § 30.

Granskingskommisjonsutvalet føreslår ei ny lov som skal regulera offentlege granskingskommissjonar som vert oppnemnde av Kongen i statsråd for å undersøka nærare bestemte forhold av allmenn interesse, jf utkastet § 1. Stortingets ansvarskommisjon skil seg frå slike granskingskommissjonar ved å vera oppnemnt av Stortinget og ha ein permanent karakter, samtidig som saksområdet er eit langt meir avgrensa. Likevel kan det henda at særskilt oppnemnde granskingskommissjonar kan koma inn på forhold som også kan bli gjenstand for eit oppdrag for Stortingets ansvarskommisjon. Vi ser det difor som viktig å avklara grensdraginga mellom det som kan inngå i oppdraget til ein særskilt regjeringsoppnemnd granskingskommissjon og spørsmål som det bør vera reservert for Stortinget sine organ, og i siste omgang Riksretten, å ta stilling til. Vi vil i dette høyringssvaret konsentrera oss om denne problemstillinga.

I lovutkastet § 4 (2) er det føreslått ein regel om at "Statsråders ansvar skal ... ikke vurderes av kommisjonen". Dette blir grunnlagt med at det "finnes egne organer og konstitusjonelle regler for vurderingar av statsråders ansvar", jf utgreiinga s. 73 (og tilsvarande s. 141). Granskingskommisjonsutvalet synest såleis å meina at regjeringsoppnemnde granskingskommissjonar ikkje skal gi seg inn på å vurdere den typen ansvarsspørsmål som Stortingets ansvarskommisjon kan brukast til å undersøka. Ei slik avgrensing er etter vårt syn fornuftig og nødvendig, sidan spørsmål om konstitusjonelt ansvar har ein særegen karakter og er underlagt særreglar med heimel i Grunnlova § 86. Vi vil likevel peika på at avgrensinga i lovutkastet synest å ha fått ei mindre heldig utforming.

For det første er uttrykket "Statsråders ansvar" så vidt at det etter ordlyden ikkje berre omfattar det konstitusjonelle ansvaret, men også vanleg strafferettsleg ansvar og jamvel erstatningsansvar. Etter ei endring i 2007 av Grunnlova § 86 skal Riksretten berre dømme i saker der dei konstitusjonelt ansvarlege har "brudt deres konstitutionelle Pligter". Det er dermed meir aktuelt enn før at statsrådar kan bli granska for ulovlege forhold som dei eventuelt kan haldast ansvarlege for innafor det vanlege rettssystemet. Dersom det berre er det konstitusjonelle ansvaret ein ønskjer å avgrensa mot, slik utvalet si grunngiving tyder på, bør dette klargjerast i lovteksten.

For det andre er konstitusjonelt ansvar også aktuelt for stortingsrepresentantar og høgsterettsdommarar, jf Grunnlova § 86 første ledd. For ein nærare omtale viser vi her til Dokument nr. 19 (2003-2004) s. 13-14. Det kan også nemnast at Stortinget så seint som i fjor måtte ta stilling til klagemål av denne typen mot tre høgsterettsdommarar i tilknytning til den såkalla Fritz Moen-saka, jf Innst. S nr. 235 (2007-2008). Her var bakgrunnen nettopp ei utgreiing frå ein offentleg granskingskommisjon (NOU 2007:7). Vi vil av den grunn tilrå at ein i ei eventuell ny lov om offentlege granskingskommisjonar får fram at heller ikkje stortingsrepresentantar eller høgsterettsdommarar sitt konstitusjonelle ansvar skal vurderast av slike granskingskommisjonar.

Når det gjeld høgsterettsdommarar tilseier også det konstitusjonelle prinsippet om domstolane si uavhengige stilling at ein føreteik ei tydeleg avgrensing av mandatet til granskingskommisjonar oppnemnde av Kongen i statsråd. Men sidan det er føresett at alle klagemål mot høgsterettsdommarar som gjeld utøvinga av deira dømmande funksjon må vurderast etter reglane for riksrettsansvaret (jf Dokument 19 (2003-2004) s. 13 og Innst. S nr. 235 (2007-2008) s. 9), vil det truleg også for dette føremålet vera nok å avgrensa mot ei vurdering av høgsterettsdommarar sitt konstitusjonelle ansvar. Eit anna spørsmål, som vi ikkje går nærare inn på her, er om ein også burde ta inn ei uttrykkeleg avgrensing mot å vurdere andre dommarar sitt ansvar for embetshandlingar.

På vegne av Stortingets ansvarskommisjon,



Erling Johannes Husabø (leiar)